Saman om

Internavis for tilsette i Sogndal kommune

I dette nummeret kan du lese om:

- **om å bli målt**
- **personalnytt**
- **vernetenesta**
- **nye klatreparkar**
- **lærlingane våre**
- **-tur til Bergsetbreen**
- **Sogndal ressurssenter**
- **Bolette Christine Pavels Larsen**
- **biblioteket sin tips til bøker**

Om å bli målt

Kvar veke får eg mellom to og fire undersøkingar som eg blir bedt om å svare på. Nokre av undersøkingane går på kva kommunen meiner; om statsbudsjettet, om nye lover osv. Mange av undersøkingane går på kva kommunen yter av tenester.

Vi har ei undersøking som undersøkjer heile den kommunale verksemda – Kommunebarometeret. Her er det ikkje mine svar på spørsmål som vert nytta som grunnlag for undersøkinga, men meir objektive tal frå ulike datakjelder. Flest tal er henta frå Kostra-tala til Statistisk sentralbyrå. Nokon kallar Kommunebarometeret for norgesmeisterskapen for kommunane. Det er nok å ta litt godt i. Kommunane er svært ulike i storleik og føresetnader, så kommunane stille ganske ulikt. I tillegg vil metoden som vert nytta i slike samanlikningar ofte verka inn på resultatet. Trass i slike svake sider kan Kommunebarometeret fortelja oss ein god del om den kommunale verksemda.

Kva viser resultatet frå kommunebarometeret for Sogndal kommune i 2016? Av 428 kommunar kjem vi på ein 3. plass. Det er svært bra, og noko alle dykk kan vera stolt av. Resultatet i 2016 er ikkje særskild. I dei fem siste åra har vi 1. plass ein gong, 2. plass ein gong, 3. plass to gonger og 6. plass ein gong. Vi ligg med andre ord jamt høgt. Kvifor gjer vi det?

I forklaringa frå kommunebarometeret heiter det at kommunen skårar jamt og over landsgjennomsnittet på stort sett alle dei 12 områda i barometeret. Dei 12 områda er grunnskule, eldreomsorg, barnevern, barnehage, helse, sosial, kultur, økonomi, kostnadsnivå, miljø og ressurs, sakshandsaming og vatn, avlaup og renovasjon. Dei store områda skule og omsorg tel mest, 20 % kvar, medan barnehage, barnevern og økonomi er vekta 10% kvar og sosial og helse 7,5 % kvar. Frå kommunebarometeret heiter det at vi er i toppsjiktet innan skule og innan miljø og ressursar, og ligg høgt også når det gjeld helse og økonomi. Eldreomsorga og kultur bidreg også til å løfte kommunen til den fine 3. plassen.

Vi skal glede oss over desse svært gode resultata. Men enno viktigare er det å finne område der vi bør sjå på vår praksis og finne forbetringar. Kommunebarometeret stiller fleire spørsmål ved drifta var:

- Er det rett å gje så mange elevar spesialundervisning? 12,5 % av elevane vår får spesialundervisning (noko som gjev ein 384. plass på dette punktet). Er det rett ressursbruk, eller burde vil heller bruke desse ressursane til meir tilpassa opplæring?
- Kvifor er det berre 64% av dei tilsette i omsorgstenesta som har fagutdanning (noko som gjev ein 398. plass på dette punktet)? Dette var så lågt at her må vi nok sjekke om talet er rett. Kva skal til for å få fleire tilsette innan pleie og omsorg med fagutdanning?
- Over 90% av alle borna i kommune går i barnehage, og gjennomsnittleg i landet går 74% av minoritetsspråklege born i barnehage. Kvifor er det berre 56% av minoritetsspråklege born i Sogndal som går i barnehage (noko som gjev ein 380. plass på dette punktet)? Kva gjer dette med integreringa både for borna og for deira foreldre?

Dette er tre døme på resultat frå kommunebarometeret som vi bør undersøkje nærare, og sjå om vår praksis er slik vi ønskjer at den skal vera, eller om vi bør gjere endringar. Alle undersøkingar er meiningslause i seg sjølv dersom vi ikkje går inn i resultata, reflekterer over eigen praksis og gjer endringar der det er grunn til å gjere det. Gled dykk av dei gode resultata frå kommunebarometeret og bruk dei som inspirasjon til framleis godt arbeid. Men finn også dei områda der vi skal lata oss inspirere av andre sine resultat og praksis.

Jostein

Personalnytt

Tilsettedagen 2017 vert onsdag den 8. februar.

Invitasjon og program for dagen vert sendt ut i desember.

Medarbeidarundersøking 2017
I mars 2017 skal det gjennomførast ny medarbeidarundersøking.

Meir informasjon om denne kjem i desember / januar 2017.

Sjukefråvær
Fråværet t.om. 3. kvartal 2016 var 5,9%.
Fin nedgang frå 2. kvartal som var på 6,3%, ein nedgang på 6%.
Pleie og omsorg i denne perioden ein nedgang på 10% til 8,8%,
Helse og sosial er stabil med 5,1%.
Barnehagane har gode tal, samla eit fråvær på 4,2%.
Skulane har samla sett ei sjukefråvær på 3,3%.
I mindre einingar kan prosenten variere mykje då eit fråvær gjer stort utsalg.

Dette viser at det vert jobba godt i einingane med oppfølgjing av sjukemelde.

Type fråvær	2014	2015	3.kvt.2016
Fråvær 1 - 16 dagar	1,5	1,4	1,2
Fråvær over 17 dagar	4,8	3,9	4,7
Tilsaman	**6,3**	**5,3**	5,9

Trening Campus haust / vinter.

I slutten av august starta vi opp att med eigne gruppetimar for tilsette, tysdag med sykkel/styrke og torsdag med funksjonell styrke.

Etter innspel, og middels oppslutnad på torsdagstimen, er ein no saman med deltakarane samde om å prøve ut sykkel/styrke og på torsdagar, i tillegg til tysdagar.

Det har førebels vore god oppslutnad på begge timane etter at vi forandra til sykkel/styrke. Dette vil halde fram til nyttår, så får vi sjå på deltakinga deretter.

Vi skal ha ei evaluering i løpet av november og tek då ei avgjersle om vi berre skal ha sykkel/styrke eller ha to forskjellige gruppetimar vidare framover.

Minner og om tilbodet vi har med reduksjon i treningsavgift pr. månad og inga innmeldingsavgift på Idrettssenteret i Sogndal. 20% av tilsette i Sogndal kommune nyttar seg i dag av dette tilbodet.

Stao no pao vidare !

Ved bruk av ovannemnde tilbod slepp ein unna slike tiltak:

Vernetenesta

Det er føreteke nyval av hovudverneombod.

Sogndal kommune har i dag 18 verneområde med desse verneomboda.

Frank Nymark vart valt som hovudverneombod for nye 4 år.

Verneområde	**Verneombod**
Norane oppvekstsenter	Sissel Aina Aaberge
Trudvang skule	Tom Wergeland
Kvåle skule	Silje Stundal Husum
Fjærland oppvekstsenter	Åshild Bøyum
Kaupanger skule	Arild Førde
Kyrkjebakken/Notsete	Vibeke Linde
Kjørnes/Furuli	Karin Haugane
Kulturhuset	Ester Oklevik
Helse og sosiale /helse	Elin Åsnes
Sogn barnevern	f.t. Berit Røneid
PPT-tenesta Campus	Solrunn Kari Valeberg
Heimetenesta stedjevegen	Solfrid Dyrdal
Kommunalteknikk	Knut Christiansen
Kultur/Plan/Næring/Adm	Berit Røneid
Pleie og omsorg	
*heimetenesta	Jenny Farsund Storvik
*kontor, ergo, fysio, akt.avd	Anita Foss
*sjukeheim, kjøkken	Solbjørg Vangen Breilid
*sone Fjærland	Lise Restad

Hovudverneombod	Frank Nymark

AMU	**vara:**
Frank Nymark -	Tom Wergeland
Solfrid Dyrdal	
Berit Røneid	Eva Huke
Jarle Skaar	Astri Riiber
Torbjørn Ask	Kjetil Sønnesyn
Jostein Aanestad	Marit Hagevik

Møt ein tilsett

Khaled Fadini

– konsulent økonomiavdelinga

Khaled kom til Norge for 16 år sidan som flyktning frå Iran. Frå 2004 har han vore busett i Sogndal. I Sogndal kommune begynte han i språkpraksis i 2012 og frå 2013 vart han fast tilsett som konsulent.

Han har utdanning i økonomi frå heimlandet. Godkjent som norsk 3-års økonomistudie.

Han snakkar fleire språk, bl.a. Norsk, engelsk, persisk, arabisk, tysk og spansk.

Fritida si har han det siste året brukt som flyktningven. Av eigen erfaring og kva han har opplevd med det å kome til eit land der ein ikkje kjenner språk, kultur og menneska omkring seg, tok han direkte kontakt med gruppa for mindreårige flyktningar for å kunne bistå dei som tolk i daglegdagse gjeremål, som mellom anna tolk i situasjonar der dei på eiga hand må opptre for å kunne få den nødvendige hjelp som trengs, legebesøk, treningskontakt, kor handlar vi det, kollektivtransport og dei mange praktiske spørsmål som etter kvart dukkar opp. I tillegg å kunne fungere som ein venn som har vore gjennom denne integreringa sjølv og dermed skulle ha kunnskap om «kor skoen trykker».

Målet til Khaled er å kunne gi desse ungdomane ei god integrering, å kunne hjelp dei i dei kvardagslege utfordringane.

Som innvandrar og godt integrert i Sogndal, Norsk statsborgar og som tilsett i Sogndal kommune, ønskjer Khaled å utfordre både sogndøler og kollegaer å bidra til det gode integreringsarbeidet som allereie er i gang i Sogndal kommune.

Knut Christiansen – Sogndal – Brann 1976

24.10.16 var det 40 år sidan Knut Christiansen scoret i cupfinalen mellom Songdal og Brann. Dette er den einaste gongen Sogndal har vært i cupfinalen. Dei tapte 2-1, og Knut scoret det einaste målet for saftbygda.

Dette ble markert med gode kollega på Kommunlateknikk, og Knut blei markert med både fotballkake og ein stor plakat av seg sjølv - som Sogndal fotball hadde donert.

Filmklippet frå kampen blei vist for alle på storskjerm – til jubilanten sin store overrasking og glede.



Nye klatreparkar

Trudvang skule

Klatreparken på Trudvang skule i Sogndal sentrum blei offisielt opna 15.09.2016.

Parken er blitt eit delikat og velfungerande element som borna kan nytte saman. Det er utfordringar for alle aldrar og nivå, det beviste ordføraren ved å klatre heilt til topps i det 6m høge klatrenettet.

Etter opninga tok det ikkje mange sekundane før parken var fylt med glade og aktive born. No ønskjer Sogndal kommune velkommen til heile bygda, her skal dykk finne noko å bryne dykk på

Fjærland skule

Det vart ei flott opning av klatreparken i Fjærland 29.09.16

Rektor Torbjørn Ask utfordra Ordførar Jarle Aarvoll til at dei saman skulle klatre seg gjennom heile parken til unganes store begeistring. Ordføraren klypte også snora, saman med varaordførar Laura Kvamme, og Trond Eiken frå Sparebankstiftinga. Som i dei andre parkane, er dei eit resultat av eigenkapital frå skulen, gåve frå Sparebankstiftinga og tippemidlar.

Til slutt vart parken opna, og etter kort tid var den fylt opp med ungar.

7. klasse hadde og bakt bollar, og stemninga var upåklageleg sjølv om veret ikkje var det aller beste.

Lærlingar i pleie og omsorg

Sogndal kommune har ein lang og god tradisjon på fagopplæring, å lære gjennom arbeid er ein gamal og velprøvd måte å lære på. Innan pleie og omsorg vert det gitt helse- og pleietenester til alle innbyggjarane våre som har krav på slike tenester. Slike tenester er ofte livsviktige og er regulert og kvalitetssikra for at dei skal vere tilpassa behova til brukaren. I pleie og omsorg er me er så heldige å ha fem lærlingar som ynskjer å drive med eit slikt meiningsfylt arbeid som å skapa trygge og verdige rammer rundt menneske i ulike livsfasar. Nokon av dei er nett starta med læretida, andre er snart ferdige.

Lærling

Alle våre lærlingar er tilsett i ei «bedrift» med dei same rettar og plikter som andre tilsette. Dei har gått 2 år på skule og skal ha 2 års praksis. Lærlingane deltek i ordinert arbeid samtidig som dei får opplæring etter fast opplæringsplan. Alle har eigne kontaktpersonar som rettleiiar dei gjennom læretida, dette gjer det trygt og godt når ein er ung og uerfaren. Læretida på 2 år vert avslutta med ei fagprøve, bestått fagprøve gir tittelen fagarbeidar, ein tittel som gir gode mulegheiter for jobb innan yrkeslivet, men også til ein eventuell seinare vidareutdanning.

Over halvparten av elevane i vidaregåande skule vel å starte på ei yrkesfagutdanning. Også i vår kommune merkar me ein stor etterspurnad etter lærlingplassar innan pleie og omsorg. Me skulle gjerne hatt fleire lærlingar, då dette er eit av våre viktigaste rekrutteringstiltak. Me erfarer at lærlingar frå eigen kommune ofte vert verande i organisasjonen, noko me er svært glade for då dei er ei etterspurd arbeidsgruppe. Me har i dag ein stor avgang av helsefagarbeidarar som går av med pensjon, desse er det lite rekruttering til diverre. Dei få lærlingane me har i dag, dekker diverre ikkje behovet me har og vil ha i tida framover. Der er difor svært viktig å prøve å behalde lærlingane etter læretida er slutt.

Frå venstre: Stine Øvretun, Siri Wathne Foss, Birgitte Olstad, Nulek Slinde. Nadja Forthun var ikkje til stades.

Sogndal kommune har eit tett samarbeid med opplæringskontoret (OKOS) i Førde. Gå gjerne inn på heimesida deira og les litt om korleis dei jobbar. www.okosweb.net

Me er svært takksame for det gode samarbeidet med Lærdal sjukehus. Våre lærlingar har i dag ca. 2-3 mnd. praksis på sjukehus, ein svært nyttig jobberfaring. Vidare er lærlingane innom open omsorg som heimesjukepleie og heimehjelp, deretter PU, rus og psykiatri og den største perioden er på institusjon som sjukeheim og omsorgssenter. Det vert laga ein rulleringsplan for lærlingane slik at dei vert fordelt i organisasjonen. Dei fleste lærlingane går 100% i 2 år, men nokon går 80% og brukar litt lengre tid. Me prøver så godt me kan å tilrettelegge slik at lærlingane greier å gjennomføre lærlingtida på mest mogeleg måte.

I tida som lærling lærer du ikkje berre eit fag eller eit yrke, ein får også tileigna seg generell kunnskap om arbeidslivet og eit arbeidsfellesskap. Til saman gir dette mange nyttige og viktige erfaringar. I Pleie og omsorg har me satsa på å utarbeide eit rettleiingskorps. Dette er engasjerte og dyktige helsefagarbeidarar som ynskjer å rettleie lærlingar under læretida. Rettleiingskorpset får rettleiing frå opplæringskontoret og er eit team på 8 tilsette.

Lærekandidatar

I pleie og omsorg har me også nokre lærekandidatar. Det er personar med lang jobberfaring som ynskjer å ta ein fagprøve. For desse (vaksne) personane gjeld eigne reglar som tek omsyn til tidlegare utdanning og praksis. Desse får og ein kontakt som rettleiar dei gjennom den resterande praksisen dei manglar og inn mot ein fagprøve. Tida på ein slik lærekontrakt kan variere mykje frå person til person avhengig av tidlegare jobberfaring.

Praksiskandidatar

I løpet av dei to siste åra har pleie og omsorg hatt fleire praksiskandidatar. Dette er ofte vaksne personar med svært lang fartstid innan same yrke. Praksiskandidatar er privatistar som ordnar det meste sjølve. Dei held kontakt med opplæringskontoret på fylket og melder seg sjølv opp til fagprøve via dei. Dei må ha minst 25% lengre praksistid i eit lærefag enn den fastsette læretida i faget. Då dei fleste har 4 års læretid, må ein praksiskandidat ha minimum 5 års relevant praksis. Praksiskandidatane har same fagprøven som lærlingar og lærekandidatar.

Det er fleire grunnar til at Sogndal kommune satsar på lærlingar:

- Sikra rekruttering i eigen organisasjon
- Ta samfunnsansvar og bidra til å utdanne kvalifiserte fagarbeidarar
- Ta bransjeansvar og bidra til å sikre tilstrekkeleg med faglært personale
- Styrke eigen organisasjon gjennom kontinuerleg læring

Tur til Bergsetbreen

Tysdag 23. august i år drog stab- og støtteeiningane på tur til Jostedalen og Bergsetbreen.

Bergsetbreen ligg inne i Krundalen der den kjente filmen om Jostedalsrypa vart spela inn.

Krundalen er ein flott dal der du kan sjå tre brearmar frå Jostedalsbreen.

Dette er ein flott tur utan store stigningar og som passer for alle. Vi brukte ca. 1 time frå parkeringsplassen og inn til brearmen.

På returen heim att stoppa vi på Jostedalen hotell og der vi smakte på dei mykje omtala kjøttkakane til Laila.

Dette er ein tur å anbefala!

Barne- og ungdomsarbeidarfaget

Ungdomane alle vil ha

Det er ikkje vanskeleg å gå ut til barnehagane og skulane i kommunen for å finne læreplass til lærlingar innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. «Alle» vil ha dei.

Som ein del av utdanninga til fagbrev innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, skal elevane vere to år i bedrift. Etter to år på vidaregåande skule, er dei søkjarar til lærlingplass i kommunane. Lærlingane må gjennom eit intervju, og må slik kjempe om lærlingplassane med sine medelevar.

Sogndal kommune tek kvart år inn to nye lærlingar i det ordinære lærlingløpet samt lærekandidatar som tek sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller svenneprøve. Lærekandidatane kan velje å gå vidare til fullendt fagbrev. I tillegg gir kommunen praksis til vaksne som tek heile utdanninga i bedrift, og må dokumentere 5 år relevant praksis under ordninga Praksiskandidatar (privatistar).

At «alle» vil ha dei, beviser at lærlingane er til nytte for arbeidsplassane. Bedriftene skal gi rettleiing i måla i læreplanen og tilrettelegging fram mot fagprøve. Det inneber også ei fagleg skjerping for dei tilsette for refleksjon og ettertanke på korleis vi sjølve jobbar, kva haldningar vi har, og korleis vi evnar å vere i relasjonar både med borna og dei vi skal samarbeide med.

Frå venstre: Jørgen Vigdal, Mari Øyre, Maren Loise Dahle, Margrethe Risnes. (Malin Berge Solheim Var ikkje til stades)

Helene S. Venes

Vi er glade for at desse fine ungdomane er hjå oss, og vi håpar de trivst og lærer. Vårt gode råd til dykk er at de må ta vare på læretida, få maksimalt ut av den, spør mykje og sørg for at vi kan gi dykk god referanse når de skal søkje jobb i nær framtid. Lukke til med læretida i Sogndal kommune.

Lærling IKT

Svenn Arne Bjørkelo frå Byrkjelo er nyleg tilsett som læring på IKT og har sin arbeidsdag knytt opp på skulane.

Sogndal ressurssenter

Er eit opplæringstilbod til yrkes – og utviklingshemma på dagtid.

Arbeidstakarane er personar som i ulik grad treng tilrettelegging og oppfølging for å delta i arbeid og aktivitet.

Hovudmålsetjinga vår er at dei som arbeidar på ressurssenteret skal:

- Ha ein dag fylt med meining og meistring
- Få vera kreative, skapande og produserande
- Få vera ein del av eit godt og trygt sosial fellesskap

Aktivitetar:

- Ved-produksjon
- Post-rundar til bedrifter på Kaupanger
- Terapiriding
- Bading
- Turdag
- Laga tennbrikkar
- Måle vegpinnar til Mesta
- ADL trening
- Vaskejobbar til bedrifter
- Individuell tilrettelagt trening/ gruppetrening
- Bossrunde Næringsparken Kaupanger
- Lage diverse salsvarer

Innhald:

- Meiningsfulle oppgåver- ei meining med å vera saman ut over fokus på handikap og lyte
- Trivsel
- Aktivitetar, opplevingar og utfordringar
- Sosial trening og nettverksbygging
- Kjensle av å lukkast, behov for positiv tilbakemelding og respekt
- Knyte kameratskap/ vennskap
- Arbeidstrening og læring av framferd på arbeidsplass

Arbeidsoppgåver og aktivitetar blir utforma i godt samarbeid mellom arbeidsleiar og arbeidstakar.
Vi ynskjer å utvikle motiverande arbeidsoppgåver og aktivitetar for kvar einskild arbeidstakar, men og ta utgangspunkt i interesser og erfaringar.

Vi er opptekne av at store delar av dagen skal vere fylt med arbeidsrelaterte oppgåver. Produkta vi lagar skal vere salsbare, og noko vi kan vise fram. Vi er opptekne av at alle kan delta på sin måte, og bruke den tida kvar enkel treng på dei ulike arbeidsoppgåvene.

Sjølv om vi har fokus på arbeid, er det viktig å krydre arbeidsdagen med andre aktivitetar. Aktivitetar som skapar samhald og gode opplevingar for den enkelte.

- Fysisk aktivitet- fokus på trening- me har treningsrom og trening på vesterland
- Turdag- der vi er ute i naturen
- Bading – 1 gong i veka på vesterland
- Riding
- Sanserom- til avslapping og avkopling.

Dagleg leiar

Monica Bakken

Bolette Christine Pavels Larsen

«Hvad er det dog for et storartet, brilliant menneske som skriver om bøger i Deres avis?» Slik spurde Amilie Skram i eit brev til redaktøren i Bergens Tidene etter ei usignert melding av Skrams Lucie. Dette «brilliante» mennesket var Bolette Christine Pavels Larsen (1847 – 1904), hovudkritikar i BT frå sist i 1880 åra til kring 1900; ei tid då litteraturkritikk og bokomtale hadde ein framskoten plass i avisene.

Bolette vart fødd i 1847 på Kjørnes i Sogndal. Foreldra, Inger Marie Munthe og Jonas Lund, gifte seg i 1830 og budde først i Kroken i Luster, men flytte til Årøy i 1831 og deretter til Kjørnes. Faren kom frå Farsund og vart prokurator i Sogndal. Mora kom frå embetsgarden Ytre Kroken i Luster. Bolette var såleis embetsmannsdotter, ho var i slekt med godseigaren i Årøy, med Leighsøstrene i Sogndal og den tidlegare presten i Sogndal Peder Pavels Aabel. Bolette budde ofte hjå slektningane si på garden Kroken. 17 år gamal flytte ho frå Sogn, og i 1874 gifte ho seg med Ole Johan Larsen (1845 – 1928) frå Bergen. Dei var begge levande interesserte i kunst og kultur og tok aktivt del i kulturlivet i Bergen.

Men Bolette var ikkje berre litteraturkritikar. Ho skreiv sjølv fine forteljingar, ho var den første som skreiv på sognemål, ho skreiv ofte om kvinner, og miljøet var gjerne Indre Sogn.
Ho arbeidde som omsetjar både til dansk-norsk og sognemål, var ei glødane målkvinne og aktiv i Vestmannalaget – òg om medlem av styret. Ikkje minst var ho ein ivrig brevskrivar og brevveksla mellom anna med Arne og Hulda Garborg. Hulda og Bolette var opptekne av mange av dei same sakene, som målsak, litteratur, husflid og kvinner si stilling.

Bolette vitja sjeldan eller aldri Sogndal etter at ho flytta frå bygda, men var ofte i Fjærland om somrane frå 1890-talet og utover. I 1907 reiste Sogn ungdomslag ein bautastein til minne om Bolette. På steinen står innhogge: *Sogningar sette denne steinen til minne um Bolette C. Pavels Larsen.*

I mange samfunn har folk reist bautasteinar til minne om spesielle hendingar, personar, grensemarkeringer m.m. Steinar med runeinskripsjonar vert omtala som runesteinar, medan nyare steinar ofte vert kalla minnesteinar. I kulturminneplanen for kommunen er det lista opp 15 bautasteinar.

Minnesteinen om Bolette som tidlegare sto på skuleplassen i Fjærland, finn du no ved det nye kaianlegget i Mundal sentrum. Biblioteket har bøkar både om og av Bolette, og dette er ei spannande dame å bli kjend med! Ho var ei aktiv og modig kvinne i si tid, og ho levde i ei særmerkt nasjonal brytningstid.

Kjelder:
Idar Stegane – Bolette Pavels Larsen. Artiklar og forteljingar 1997.
Bolette Pavels Larsen – målkvinne, kritikar og forfattar frå Sogndal – eit undervisningsopplegg. Sogndal bibliotek 1998.

Velkomen!

Helse og sosial
Anne Sofie Einan, assistent
Mari Haktorsen Nerhus, helserådgjevar.
Mari Skoglund Godal, turnusfysioterapeut

Sogn Barnevern.
Kristin Midtli Kastet, barnevernspedagog.
Marianne Beheim Sønnesyn, barnevernspedagog.
Sigrun Brosvik, barnevernspedagog.
Karina Flåten, barnevernspedagog.
Randi Britt Svidal, sosionom.

Sogn barnevern EMA:
Helen Kronstad, prosjektleiar.
Andreas S. Davidsen, miljøterapeut.
Anders Kvamme, miljøterapeut.
Sebastian Kaldestad, miljøterapeut.
Gine Helen Torstad, miljøterapeut.
Kine Øvstetun, miljøterapeut.

NAV:
Silje Nedrehagen, rådgjevar.
Olav Brandshaug, fagarbeidar.

Tenestetorg/ IKT
Svenn-Arne Bjørkelo, lærling.

Pleie og omsorg:
Malin Nondal, sjukepleiar

Kommunalteknikk:
Kjell Arne Haukås, fagarbeidar.
Shewit Teame Gebrecherkos, reinhaldar.
Drijit Kibrom Ghebremedhin, reinhaldar.

Kaupanger skule:
Kjell Ertesvåg, tenesteleiar.
Eirik Hellebust Menes, lærar.
Marit Solberg Verlo, lærar.

Trudvang skule:
Mari Gunhildrud, lærar
Guro Kauppi Straumsheim, lærar.

Norskopplæringa:
Elin Heggestad, lærar.
Eivind Ødegård, lærar.

Sogn PPT:
Hildegunn Høgheim, spesialpedagog.
Ingvild Kjerstad, spesialpedagog.

Norane oppvekstsenter:
Henrik Johannessen Selvåg, lærar.

Barnehagar:
Helene Svedal Venes, lærling.

Takk for innsatsen!

Kommunalteknikk:
Andreas Hjelme Svendsen, konsulent.

NAV:
Ingrid Faaberg, rådgjevar.

Ungdom:
Anni Høiåsen, ungdomsarbeidar.

Helse og sosial:
Christoffer Robin Larsen, assistent.
Trond Vegard Kim Ripe, turnusfysioterapeut.

Norane oppvekstsenter:
Tor Takle Bore, fagarbeidar

Pleie og omsorg:
Malin Wallace Dahl, sjukepleiar.
Isabell Ness, sjukepleiar.

Plan og næring:
Einar Nedrelo, tenesteleiar.

Sogn barnevern:
Elisa Silden, barnevernspedagog
Lene Borlaug, sosialkurator.

Kvåle skule:
Erlend Vindenes, miljøterapeut.
Vidar Lægreid, lærar.
Reidun Styve, lærar.

Fag og utvikling:
Helga Bakken, rådgjevar.

Takk for innsatsen!

Kaupanger skule:
Anny Hofsvik, assistent.
Anna Wiborg, lærling

Trudvang skule:
Elsa Lysne Johannesen, lærar.

Barnehagar:
Johanne Kveane, fagarbeidar.

Tenestetorg/ IKT:
Audun Moseng, konsulent.

Sogn regionråd:
Åse Lundegaard Mattson, psykolog.

Kjell Ertesvåg

Kjetil er fødd og oppvaksen i Sogndal, og budde der til han var ferdig med utdanninga ved som førskulelærar ved Høgskulen i Sogn & Fjordane. Han har tidlegare jobba i Ski kommune, Førde kommune, Lærdal kommune og Luster kommune. Før Kjetil starta på Kaupanger skule var han rektor på Hafslo barne- og ungdomsskule og Veitastrond skule.

Han har sidan 2000 budd på Kaupanger saman med kone og born. I fritida har han alltid vore, og er engasjert i fotballen, der han no er trenar for jenter på Kaupanger.
Prøver og etter beste evne å nytte meg av det fantastiske turterrenget på Kaupanger, men det vert for ofte i rykk og napp.

Han seier at for at Kaupangerborna skal kunne oppleve meistring og utvikling er det viktig at dei er trygge, trivst og har eit positivt forhold til barnehage, skule og nærmiljøet på Kaupanger. På dette området har Furuli barnehage, Kaupanger skule og bygda vore flinke over tid. Dette er noko som er viktig for Kaupanger skule å ivareta og vidareutvikle. Når dette fungerar godt, så vil den faglege utviklinga og den gode motivasjonen vere der hjå elevane.

Det skjer svært mykje på barnehage- og skuleområde for tida, og det er viktig å «henge» med på det me meiner er viktig. Samstundes er det i kvardagen utviklinga skjer, så me må ha ro, kontinuitet og rammer til å drive ein god skule på Kaupanger i framtida og

Cornelis Ertstad

Cornelis Erstad er leiar for plan og næring.
I hans auge har han den mest spanande jobben i kommunesektoren med det overordna ansvaret for landbruk, kart og oppmåling, byggesak og planarbeid. Sjølv nyttar han eitt ord for å summere opp alle desse fagområda: samfunnsutvikling.
Cornelis er oppvaksen i Fjaler kommune og har utanom Sogndal budd i Trondheim og på austkysten av Australia.
På fritida har mykje handla om variert trening og aktivitet. Han trivst godt i Sogndal kommune og særskild i det han omtalar som eit energisk, inkluderande og positivt arbeidsmiljø på eininga.

Tips frå biblioteket om bøker:

Kinnunen, Tommi: Der fire veier møtes. Pax forlag 2016

Boka er debutromanen til den finske forfattaren. Kinnunen fekk fleire prisar i Finland i 2014 for romanen.

Boka er ei sterk finsk slektssoge der vi følgjer hovudpersonane over forskjellige tidsepokar frå 1895 til 1996. Det er Maria, ei sjølvstendig dame som utdannar seg til jordmor, og kom nyutdanna til den finske landsbygda i 1895. Vi følgjer forholdet mellom Maria, og dottera, Lahja. Så har vi ekteskapet mellom Lahja og Onni . Her vert det avslørt hemmelegheiter litt etter litt. Og vi har forholdet mellom Lahja og svigerdottera Kaarina. Her lever Lahja verkeleg opp til myten om den onde svigermor. Det kjennest vondt å lese, men samtidig får forfattaren fram ein sympati for Lahja, sjølv når ho er på sitt verste.

Dette er av dei store leseopplevingane i 2016!



Rowling, J. K.: Harry Potter og barnets forbannelse. Cappelen/Damm 2016.

Her kan me gleda oss over å møta Harry Potter og spesielt sonen hans Albus Severus 19 år etter den forrige boka i serien. Albus startar på Galtvort, men livet der vert ikkje enkelt. Han får ein besteven, Scorpio Malfang, og det er ikkje populært, han som er sonen til ein dødsetar. Og om ikkje det er nok, seier Valghatten at han høyrer heime i Smygard.

Desse to venene får kjenna på korleis det er å vera utanfor, og dei kjem opp i vanskar når dei får tak i ein tidsvendar. Kva skjer når dei forsøker å endre på fortida, sjølvsagt i beste meining?

Det er litt uvant å lesa boka, då teksten er skreven som eit skodespel, men dette kjem ein raskt inn i. Spennande og morosamt gjensyn med dei gamle og nokon nye heltar frå Galtvort.

Boka er skrive for ungdom i alle aldrar!

Mot til å glede dagen 23 . november

Kvart år den 23. november vert ”MOT til å glede-dagen” arrangert.
Ca 65 000 ungdommar over heile landet deltek i MOTs program "Robust ungdom", og denne dagen har dei alle eit felles mål - å glede så mange som mogleg, mest mogleg, med små midlar!

MOT oppfordrar ungdom og vaksne i heile Sogndal til å spre glede!

Det viktigaste stikkordet for ”MOT til å glede-dagen” er: TENK ENKELT! Gled mannen på gata, gode vener, naboen, bestemor på aldersheimen, farfar som sit aleine, klassekamerater, kollegaer eller barna i barnehagen. Gje ei hjelpande hand eller gå eit ærend for nokon. Ha litt ekstra fokus på å seie hei, gje eit smil, eit nikk og kanskje til og med ein klem til nokon som treng det.

MOT ynskjer å bidra til å skape varmare og tryggare miljø. Det kan koste litt mot å gjere noko ekstra for å spre litt glede, men glede smittar og verdien til saman blir veldig stor!

Gle nokon i ditt nærmiljø du også, vær med på å gjera dagen til ein magisk MOT til å glede-dag!

Og hugs: Den største gleda du kan ha, er å gjere andre glad!



Hjernetrim

Kor mange kvadrat ser du?